



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

Årsrapport 2018



Kyrkjelydstur til Lyngmo ungdomssenter, Hafslo, 7. – 9. september 2018. Ingvald A. Frøyen frå NMS var engasjert talar for både små og store. (Foto: J. Risa)

Kombinert årsrapport frå sokneråd og fellesråd

Årsmelding frå Balestrand sokneråd som sokneråd (KL §9)

Årsrapport frå Balestrand sokneråd som fellesråd (KL §14)


Innhald	Side
1 Organisasjon	2
2 Målsetjing	3
3 Arbeidet i kyrkjelyden	4
4 Kyrkjeleg drift - fellesrådsdelen	10
5 Statistikk	16
6 Økonomi	18

Vedteken av Balestrand sokneråd 20.03.2019

Lagt fram for årsmøtet i Balestrand sokn (soknemøte) 24.03.2019

v.1.0 pr.20.03.2019

1 Organisasjon



1.1 Soknerådet

Balestrand sokneråd har åtte valde medlemer og fem varamedlemer. I tillegg til dei folkevalde er presten geistleg medlem av rådet og ein kommunal representant har røysterett i «fellesrådssaker», dvs. administrative saker som ligg under §14 i kyrkjelova. Leiar og nestleiar vert valde for eitt år om gongen.

Balestrand sokneråd er einaste sokneråd i kommunen og har etter kyrkjelova då både

- **soknerådsfunksjon** med ansvar for det kristelige livet i soknet jf. Kyrkjelova §9: Kyrkjeleg undervisning, trusopplæring, kyrkjemusikk, diakoni, offertildeling.

- **fellesrådsfunksjon** jf. Kyrkjelova § 14: Drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplassar, oppretting og nedlegging av stillingar, drift av kyrkjekontor, samt lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring, arbeidsgjevaransvar for tilsette.

Leiar	Helge Ottar	Ulvstad
Nestleiar	Åshild Alte	Sagevik
	Tore Magnus	Brudvik
	Kari	Kvikne
	Ingrid Margrete	Menes
	Jenny Kristin	Menes
	Malene Sværen	Mundal
	Margot	Ryssdal
Geistleg medl	Kjetil	Netland
Kommunal repr	Frode Kleppe	Holgersen
1.vara	Just Gunvald	Olsen
2.vara	Liz-Janne Feidje	Nordeide
3.vara	Bjarne	Senneseth
Vara geistleg	Vegard Bondevik	Lie
Vara kom repr	Leif Gunnar	Vervik
Sekretær	Jostein	Risa

Møteverksemd

Balestrand sokneråd har i 2018 hatt sju møte og handsama 46 saker (2017: sju møte, 54 saker). Møta har vore på kveldstid i kyrkjestova på Tjugum.

Særskilde saker i 2018

Av saker som *ikkje kjem fram andre stader i årsrapporten* kan det nemnast at soknerådet i 2018 har gjeve fråsegner i to høyringar frå Kyrkjerådet:

- Høyringsuttale: Høyring om Justering av hovudgudstenesta og ålmenne føresegner. Høyringsfrist 10. april 2018.
- Høyringsuttale om ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Høyringsfrist 15. desember 2018

Høyringsuttalane frå soknerådet er publiserte på kyrkja.no/hoeringer

1.2 Utval knytt til soknerådet

- Arbeidsutval (AU)
- Administrasjonsutval (partssamansett)
- Diakoniutval (DU)
- Trusopplæringsutval (TRU)
- Redaksjonsutval kyrkjelydsbladet
- Bygningsutval
- Kyrkjestovenemnd
- Forhandlingsutval løn kyrkjevevje
- Kirkens Nødhjelp-kontakt

Oversyn medlemer og mandat i vedlegg s.21

1.3 Årsmøte / soknemøte i 2018

Kyrkjelyden sitt årsmøte er eit soknemøte der Balestrand sokneråd orienterer om det kyrkjelege arbeidet jf. Kyrkjelova § 9. Det vert opna for spørsmål og samtale og medlemer i kyrkjelyden får slik høve til å kome med innspel til soknerådet og arbeidet. I 2018 var det kalla inn til soknemøte i kyrkjestova i etterkant av tårnagentgudstenesta i Tjugum kyrkje 15. april, der soknerådsleiar la fram årsmelding og rekneskap for 2017.

1.4 Arbeidet i kyrkjeleg fellesnemnd - samanslåing av fellesråd frå 2020

Den kyrkjelege fellesnemnda har fått fullmakter til å ta alle avgjerder som gjeld samanslåinga av Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd med Balestrand sokneråd til nye Sogndal kyrkjelege fellesråd som vil skje frå 1.1.2020, samstundes med kommunesamanslåinga.

Kyrkjeleg fellesnemnd fekk i 2018 avklara at dei får totalt 750.000 frå kommunal fellesnemnd for å finansiere omstillingsprosessen fram til samanslåing frå 1.1.2020. (550.000 mindre enn dei 1,3 millionane dei opp-haveleg søkte om). Prosjektleiaren Jorunn Merete Haukås-Eide har ut frå dette kunne kjøpast fri frå 20 prosent av kyrkjeverjestillinga frå hausten 2018 ved at kyrkjevevja i Balestrand har gått inn i ei prosjektstilling.

I tillegg til møta i fellesnemnda er det mange utval av både folkevalde og tilsette som arbeider. Arbeidsutval, partssamansett administrasjonsutval, arbeidsgruppe som ser på administrativ struktur i det nye fellesrådet, utval om val av IT-løysingar mm, økonomigruppe jf. samanslåing av rekneskapar, nye kontoplanar osv. Dei tilsette har også temagrupper etter profesjon for å sikre medverknad i samanslåingsprosessen:

Kyrkjetenarar, prestar, kyrkjemusikarar, trusopplærarar og diakon. Alt i alt medfører dette mykje møte- og reiseverksemd mellom kommunane.

Stikkord frå fellesnemnda sine sju møte i 2018:

17. januar	Spørsmål til spørjeundersøking til sokneråd og tilsette. Val av nemnd for adm. leiarstruktur.
6. februar	Første drøfting av fleire viktige saker der endeleg vedtak vart gjort seinare (mai), t.d. lokalisering av kontor og samansetjing av det nye fellesrådet.
13. mars	Felles møte med alle seks sokneråda på Leikanger - gjennomgang av svara på ei spørjeundersøking for sokneråd og tilsette i samband med samanslåingsprosessen
23. mai	Samansetjing av nytt fellesråd, plassering arbeidsplassar (hovudkontor Sogndal og kontor Balestrand), mandat for temagrupper frå dei tilsette. Revisjon framdriftsplan
11. september	Investeringsplan kyrkjer og gravplassar 2019-2024. Org. kart delegasjon. Org.nr, Møteplan.
17. oktober	Budsjett fellesnemnd 2018 og 2019. Årshjul for det nye fellesrådet, Frikjøp prosjektleiaren. Organisasjonskart for det nye fellesrådet. Rutinar oppfølging sjukemelde. Vurdere IA-verksemd.
28. november	Fastsetjing av nytt økonomireglement, tilsetjingsreglement, arbeidsreglement (inkl. oppfølging sjukemelde jf. IA), permisjonsreglement, reglement for Adm.utv (partssamansett), handlingsplan mot seksuelle overgrep. Sak om soknerådsvale H-2019. Møteplan våren 2019.

2 Målsetjing

Visjon: "Å dele den gode skatten"

Soknerådet sin visjon er inspirert av 2.Tim 1,14 «*Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg, ved Den heilage ande som bur i oss!*» I verksemdsplanen er visjonen konkretisert i desse hovudpunkta:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utruste til sitt diakonale ansvar i nærmiljøet
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam
- Å utøve eit godt personalarbeid og forsvarleg ivaretaking av kyrkjer og gravplassar

Satsingsområde

Sitjande sokneråd vedtok i 2017 satsingsområde som har vore vidareført i 2018:

- **Ei kyrkje for folk flest.** Stikkord: Eldre (henting/transport). Inkluderande. Involvering. Universell utforming av lokale (lyd, lys, tilkomst)
- **Styrke barne- og ungdomsarbeidet.** Stikkord: Fokus på tida etter konfirmasjonen. Støtte opp om eksisterande arbeid. Leiartrening / inspirasjonssamlingar. Om mogeleg støtte også arbeid utanfor eige sokn.
- **Gode og kreative gudstenester og samlingar med Jesus/Bibelen i sentrum**
- **Diakonal tankegang inn på alle felt – også i trusopplæringa.**

3 Arbeidet i kyrkjelyden

3.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Gudstenestearbeidet

På grunn av sjukdom var det til liks med hausten 2017 fleire vikarar enn normalt inne våren 2018 (sjå oversyn på side13), men frå påske har Kjetil Netland hatt ein stor del av gudstenestene..

Vi har ein fast rytme på gudstenestene der det er gudsteneste i Tjugum kyrkje kvar 14 dag og i Sæle kyrkje ein gong i månaden. På den måten er det lettare for bedehusstyret å planleggje møta slik at det ikkje vert kollisjonar. Vi er takksame for det gode samarbeidet med bedehuset.

Gudstenesta på sundag har sidan aposteltida vore kyrkjelyden si hovudsamling og hjarteslaget i kyrkjelyden. Gudstenesta med skriftlesing, forkynning, bøn, lovsong og nattverdfeiring er det som gjev næring til trua. I Apg 2, 38 les vi at dei fyrste kristne «heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene». Utfordringa vår er å vidareføre denne arven i formar og med ord som kommuniserer med menneska her i bygda.

NB! Sjå statistikk om gudstenester og deltaking i kap. 5.2 på side 17 med kommentarar.

Involvering

Balestrand sokneråd ser det som viktig å involvere kyrkjelyden i gudstenesta, både for å skape eigarskap til det som skjer og av di dette er positivt for frammøte. Her vert det arbeidt medvite med å dele på oppgåver som kyrkjevert, klokkar, ansvar for barnesamlingar og ansvar for kyrkjekaffi. Konfirmantane har eit visst tal med gudstenester i året der dei hjelper kyrkjeverten og har oppgåver i samband med skriftlesing.

Kyrkjekaffi

Soknerådet har dei siste par åra lagt opp til ein enkel kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Dette fremmer det sosiale livet i kyrkjelyden og har også eit diakonalt aspekt. Kyrkjetenar kjøper inn kjeks og lagar til kaffi, saft og kjeks før gudstenesta og så har ein kyrkjekaffiansvarleg ansvar for å setje fram, fylle på og rydde opp etter gudstenesta. Ved mange av trusopplæringsgudstenestene vert det lagt opp til «utvida» servering med kaker/bakst til kyrkjekaffien.

Barnesamlingar

Det har også i 2018 vore tilbod om barnesamlingar under preika ved mange av gudstenestene. Hovudmålgruppa er ca. fire år til 4. klasse. Frammøtet varierer frå 2 til 27, så det kan vere utfordrande å førebu seg. Samlingane i Sæle kyrkje har vore lite nytta sidan gudstenestene her ofte fell saman med søndagssamling på bedehuset der det også er tilbod om søndagsskule. I 2018 har åtte friviljuge delt på å leie og dei har hatt tilbod om å nytte materiell frå søndagsskulen sitt «Sprell Levende» som kyrkjelyden abonnerer på. Rut Solveig Nydal Netland har teke ansvar for å spørje og setje opp lister og har invitert til leiarsamlingar.

3.2 Barne- og ungdomsarbeid

Når det er snakk om statsstøtte til trusopplæring vert det skilt mellom det kontinuerlege arbeidet og breiddetiltaka i trusopplæringa. Statsstøtta skal gå til breiddetiltaka i trusopplæringsplanen. NB! Finansieringa av stillinga som kyrkjelydspedagog i Balestrand er delt omtrent likt mellom statsstøtte og lokale midlar, så difor kan stillinga i Balestrand brukast både til kontinuerlege tiltak og breiddetiltak.

Kontinuerleg arbeid

Mange born og unge samlast jamleg til kontinuerleg trusopplæring innanfor dei frivillige kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. Dette er eit uvurderleg arbeid der frivillige tek ansvar og gjer ein fantastisk jobb frå veke til veke. Takk til leiarane! Soknerådet ynskjer å støtte opp om dette arbeidet, t.d. ved samarbeid om T-dagar, kunngjering av tiltak, økonomisk stønad eller tilbod om leiartrening eller inspirasjonssamlingar.

- **Spiren** (4 år -2. kl, barneforeining NLM) ca. 30 deltakarar totalt, gjennomsnitt på 22.
- **Addis** (3.-7. kl, barneforeining NLM) ca. 25 deltakarar totalt, gjennomsnitt på 23.
- **Balestrand søndagsskule** (3-6 år) har samlingar når Bedehuset har søndagssamlingar. 10-15 deltakarar.
- **Tårnagentane** (frå 1. kl, høyrer til Balestrand søndagsskule, sjå over) 10-15 deltakarar
- **Kvardagsskulen i Fjordane** (Søndagsskule på kvardag) – 12 deltakarar i 2018.

- **Barnesamlingar** under gudstenestene. (4-10 år) drive av friviljuge. (Sjå kap. 3.1)
- **Bibel og knappar** (ca. 2.-7. kl, bibelundervisning mm) – i heim. Ca 10 deltakarar.
- **BALUBA** (5 år- 4. kl, barnekor) - ca. 10 deltakarar
- **JOY** (no 5.-8. kl, tweenskor) – 10 deltakarar i 2018.
- **Skulelag på Sagatun** (8-10. kl – ca. 10 deltakarar. Tilknytt «Laget» (NKSS). Oppstart seinhaustes 2018).
- **KRIK** (8. kl til 3. kl vgs, idrett og andakt) – minst 40 unike deltakarar kvart år (10-30 kvar gong)

Trusopplæring - Breiddetiltak med invitasjon til heile årskull

Kyrkjelydspedagogen sitt hovudansvar er å fylgje opp tiltaka i trusopplæringsplanen (under) i lag med presten og med støtte frå trusopplæringsutvalet. Det vert kvart år laga ein eigen trusopplæringsrapport som skal godkjennast av bispedømet som forvaltar dei statlege trusopplæringsmidlane. Her vert det rapportert på kvart enkelt tiltak med mål, verkemiddel, deltakarar (med kjønn), ressursbruk, evaluering osv.

Trusopplæringsplanen med statistikk for 2018

Årstrinn	TILTAK	Fødselsår til dei inviterte	Kommentar / Tidsrom 2018	Deltakarar av dei inviterte
T0	Dåp	2018 2017	Dåpsgudsteneste med dåpssamtale før - heile året. Dåpslysestake.	3
T0 T1 T2	Balestrand babysong	2018 2017 2016	Samling kvar 14.dag på helsestasjonen vår og haust	10
T0 T1 T2	Adventssamling med julekrybbe	2018 2017 2016	Advent	8
T4	4-årsbok - samling og gudsteneste	2014	Haut	9
T5 T6 T7	T-dag i lag med barnekoret Baluba	2013 2012 2011	(ikkje i 2018)	Ikkje i 2018
T4 T5 T6 T7	T-dag med barnelaget Spiren	2014 2013 2012 2011	Vår	14
T6	6-årsbok - samling og gudsteneste	2012	Mai	6
T8 T9	Tårnagentsamling og tårnagentgudsteneste	2010 2009	Kvart 2.år med to alderskull Vår	15
T8 T9	T-dag i lag med barnelaget Addis	2010 2009	Haut	14
T11	Minikonfirmasjon med utdeling av bibel	2007	Bibelutdeling 28.1, fire samlingar januar- april +Minikonfirmantleir på Alværa 20-22. april	8
T11 T12 T13	SLUSH-kurs	2007 2006 2005	Kurs for unge hjelpeleiarar i søndagsskule / barnesamlingar ved Søndagsskolen Norge 10. mars	9
T11 T12 T13	Nestenåring	2007 2006 2005	Samling ca. ein gong i månaden.	25
T14 T15	Konfirmasjon	2004 2003	Konfirmasjonsundervisning 1,5 timar kvar 14.dag mm gjennom skuleåret. Kick Off på Sygna saman med konfirmantane i Vik og Høyanger. Konfirmantleir på Alværa. 60 timar til saman. Deltek på gudstenester.	24 (11 vår og 13 haust)
T15 T16 T17 T18	Ung messe	2003 2002 2001 2000	Tjugum 18/3 (18 ungd av tot 37) St. Olafs 13/9 (41 ungd av tot 61)	43

Kommentarar til nokre av trusopplæringstiltaka i 2018

SLUSH-kurs våren 2018

Alt i 2012 søkte dåverande kyrkjelydspedagog Tore Brudvik bispedømet om stønad til tiltak for leiartrening: *"Vi ynskjer å fostre unge leiarar i kyrkjelydane, særleg i denne tida med mange trusopplæringstiltak i alle sokn. Det er få tilsette i sokna og det er alltid behov for frivillige leiarar. Ved å satse på dei unge vonar vi at det er ei framtidsretta satsing som kjem sokna til gode."* Sokneråda i eininga fekk 2000 kroner kvar og seks år seinare, laurdag 10. mars kom Jannicke K. Ludvigsen frå Søndagsskolen Norge til Balestrand og arrangerte SLUSH-kurs for aldersgruppa 10-14 år med ni påmelde born og unge. Kurset er meint å gå over fleire ettermiddagar, men var her samla på ein laurdag (litt mykje for nokre av deltakarane). Dei unge fekk lære om seg sjølv, at ulike born treng ulike innfallsvinklar, dei fekk demonstrert og praktisert ulike formidlingsformer, det var tid for lek og gruppe-oppgåver og god mat som t.d. heimelaga slush...

Visdomskjelda – Guds Ord som perler på ei snor

Dette var eit nytt tiltak som vart starta opp i 2018 der initiativet kom frå trusopplæringsutvalet. I starten vart samlingane kalla «Guds Ord- rally» og målet med tiltaket er å inspirere både born og vaksne til å lære vers og avsnitt frå Bibelen utanboks. Samlingane har vore ein gong i månaden på bedehuset og det har vore ope for å kome berre for å høyre Guds Ord verte sagt fram. Kwart bibelvers ein kunne, vart løna med ei perle, og den som hadde flest vers, fekk del i ein vandrepokal. I vårsemesteret vart denne delt ut under gudstenesta i Tjugum kyrkje 2. juni. Samlingane heldt fram også på hausten med ny finale i desember. Totalt har deltakarane sagt fram 1484 vers som dei har lært seg utanåt i 2018. Det var lært flest vers frå Salmane i GT og Johannesevangeliet i NT og vanlegvis har det vore ikring ti personar på samlingane.

Balestrand babysong

Dette tiltaket har gått sidan 2014 og i 2018 har Åshild Sagevik vore ansvarleg for samlingane. Dette er eit viktig møtepunkt for foreldre som er heime med små born og oppslutninga har vore god sjølv om det er naturleg variasjon. I 2018 har ti born i målgruppa delteke – i tillegg kjem foreldre og eldre søsken. Ein syng saman med borna, gjer rørsler til musikk, lærer nye og gamle barne- og voggesongar og lærer rim og regler. Det er også ei bibelforteljing og tid for samtale og å ete matpakke i lag. Babysong er eit samarbeid med Balestrand helsestasjon som er ein god stad å møtast. Eit slikt tidleg møte med kyrkjelyden legg godt grunnlag for vidare kontakt og deltaking i trusopplæringa gjennom heile oppveksten.

Det største tiltaket i trusopplæringsplanen: Konfirmasjonstida (60 timar)

I Balestrand brukar vi konfirmantopplegget FØLG MEG. Etter å ha fylgt konfirmantundervisninga skuleåret 2017/2018 vart 11 ungdomar konfirmerte helgetorsdag 10. mai 2018 der både Kjetil Netland og tidlegare sokneprest i Balestrand, Audun Systad deltok. I tillegg vart ein konfirmant som har fylgt undervisninga i Høyanger konfirmert i Sæle kyrkje 22. april 2018 ved Runar Matsui-Li (sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø).

Sygna-lærarane Gunn Berit Bøthun og Laila Vang hadde ansvar for konfirmantundervisninga dette semesteret sidan presten var sjukemeld. Det har vore samlingar ca. annankvar torsdag, utandørs og på bedehuset. Helga 19-21. januar var konfirmantane med på konfirmanthelg på Alværa saman med jamaldringar frå Lavik og Hyllestad. Ved fasteaksjonen i april gjekk dei med bøsse for Kirkens Nødhjelp og det kom inn totalt 22.500 kr.

Soknerådet inviterte i 2018 til konfirmantfest på Bedehuset etter samtalegudstenesta 29. april. Avslutninga av konfirmantåret vart markert med taco og kaker for konfirmentar og familie – der Åshild Sagevik leia og fire andre soknerådsmedlemer stod for maten. To Sygna-elevar bidrog med teknikk og underhaldning.

Frå hausten 2018 har 13 ungdomar delteke i konfirmantopplegget. Kjetil Netland har drive konfirmant-samlingane. Gjennom heile hausten var alle samlingane utandørs, ved JA-steinen. Foreldra har vore med som medhjelparar etter tur. I løpet av hausten var dei med på Kick Off på Sygna saman med konfirmantane frå Vik og Høyanger. Ein sundagsettermiddag tok gruppa turen til Høyanger og ei samling i lag med konfir-mantane der.

Inspirasjonssamling for leiarar i Balestrand

I samband med SLUSH-kurs 10. mars 2018 hadde Jannicke Ludvigsen frå Søndagsskolen Norge ei inspirasjonssamling på Bedehuset Betel fredagskvelden 9. mars der alle barne- og ungdomsleiarar i Balestrand var inviterte. I underkant av ti personar kom og vart minna om kor viktig så-arbeidet blant born og unge er, og vart presenterte for ulike formidlingsformer og dei mange ressursane Søndagsskolen kan tilby.

Samarbeid med barnehage og skule

Det er eit godt samarbeid mellom kyrkja og barnehagane og skulane i Balestrand.

I statistikken er det registrert to **besøk** i barnehagen (påske og jul, totalt seks avdelingar (dvs. tre avd. ved kvart besøk) og tre skulebesøk (totalt 17 klassar (dvs. gjennomsnitt på ca. seks klassar ved kvart besøk). Av di presten var sjukemeld, vart det det i 2018 **ikkje skulegudstenester**. Kyrkjelyden gjev tilbod om julevandring for barnehage/skule annakvart år - ikkje i 2018 fordi ein hadde dette i 2017.

Oppdeling av trusopplæringseininga Vik-Balestrand frå 2018

I 2018 har Balestrand vore ei eiga trusopplæringseining (etter åtte år med Vik-Balestrand som felles trusopplæringseining). Dette som ein overgang til at Balestrand skal gå i lag med Sogndal og Leikanger frå 2020.

3.3 Misjonsarbeid

Ny misjonsavtale med NMS med prosjekt i Mali

Frå hausten 2017 har Balestrand kyrkjelyd hatt misjonsavtale i Mali via Det Norske Misjonsselskap (NMS) To hovudstikkord for NMS sitt arbeid i Mali er å gjere Jesus kjent blant fulanifolket og å kjempe mot omskjering av jenter. Misjonsavtale inneber offer (hjå oss ca. fire årlege offer) og høve for folk i kyrkjelyden til å støtte prosjektet direkte, forbøn i gudstenester og formidling av informasjon.

Ved kyrkjelydsturen til Lyngmo var misjonskonsulent i NMS, Ingvald A. Frøyen med som talar. Han har også vore misjonær i Mali i fleire periodar og fortalde levande om misjonsarbeidet der. Under gudstenesta på kyrkjelydsturen kom det inn totalt 6.358 til arbeidet i Mali og det har i 2018 vore samla inn meir enn nokon gong før til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Innsamla til misjonsprosjektet dei siste åra:

År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Totalsum (kr)	16.273	11.908	11.062	10.925	12.459	10.696	12.353
Tal offer	4	5	4	5	4	4	4

3.4 Anna arbeid i kyrkjelyden

KRIK Old Boys

Dette er eit nytt tiltak som starta opp hausten 2017 som eit tilbod til «unge menn» i Balestrand. Av dei som møter relativt fast, er spennet i alder frå 20 til 50 år. Dette er eit av få utadretta tiltak som treff unge vaksne i kyrkjelyden. KRIK Old Boys har lokallagssamlingar kvar fredag i skuleåret med idrettsaktivitetar, fellesskap og ein andakt. På det jamne ligg frammøtet mellom 8 og 15 personar – ei breitt samansett gruppe der mange ulike balestrendingar av hankjønn er innom av og til (58 medlemer i Facebook-gruppa). Ei leiargruppe på fire personar deler på ansvaret: Vegard Nessa, Kurt Arild Ohma, Henning Sagevik og John Martin Høines.

Besøk frå Hyllestad 2. pinsedag, 21. mai 2018

Etter at Balestrand kyrkjelyd pinsa 2017 vitja Hyllestad kyrkje og tidlegare sokneprest i Balestrand, Audun Systad, var det tid for gjensitt i 2018: Den 21. mai feira ei gruppe på 23 personar frå Hyllestad 2. pinsedags-gudsteneste i Kvamsøy kyrkje i lag med over hundre andre. Audun Systad var liturg, Kjetil Netland hadde preika og Darren McCallig frå den anglikanske kyrkja i Noreg deltok. Stikkord: Båttur og kyrkjekaffi i flott sol, omvising i Holmen og galleriet til Bjørg og Arthur og ein runde på Reiselivsmuseet. Dagen vart avslutta med felles middag og helsingar på Kviknes Hotel med over 50 gjester.

TID FOR TRU - Undervisning for vaksne

Dette konseptet har hatt ein pause i 2018, men er planlagt for 2019.

Kyrkjelydstur til Lyngmo ungdomssenter, Hafslo, 7. - 9. september

Sidan 2006 har det vore kyrkjelydstur annakvart år og i 2018 var totalt 71 store og små innom Lyngmo helga 7. 9. september. Ingvald Frøyen er ein engasjert, kunnskapsrik og dyktig formidlar og mange har takka for god undervisning og ny inspirasjon; både om temaet «Søk - Del - Lev» og om misjon.

Det har også kome positiv respons frå borna og dei unge der kyrkjelydspedagog Magni var ansvarleg for opplegget. Lyngmo har gode fasilitetar med både gymsal, aktivitetsrom og ny leikeplass. Gudstenesta på søndag var open for alle og 10-12 lokale fann vegen og deltok på kyrkjekaffi etter gudstenesta. Fleire av deltakarane tok til orde for å leige Lyngmo til tur også i 2020 og peika på svært gode rom og fasilitetar for både små og store, til både møte og fritid. Kort reiseavstand vart også nemnt som eit moment. Eit anna innspel er at ein slik tur er noko endå fleire i Balestrand vil kunne ha glede av og at vi bør invitere endå breiare. Talar og tema bør då høve inn i eit slikt perspektiv. Ut frå dette har Balestrand sokneråd alt fått tinga Lyngmo ungdomssenter helga 4. - 6. september 2020.

Vaksengrupper

Mindre gruppefellesskap er for mange eit viktig supplement til gudstenestefellesskapen. Det er for tida ikring ti vaksengrupper i soknet med ulike profilar (bibelgrupper, kvinnegruppe, husfellesskap, misjonsforeiningar, bønnegruppe, mannsgruppe). Felles for dei fleste er at dei gjev høve til samtale, bøn/forbøn og til å lese Bibelen i lag. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du ynskjer å vere med i ei gruppe - dette kan vere ei god hjelp i kvardagslivet som kristen.

Nattverdsamlingar, andaktar og besøksteneste på helsetunet

Kjersti Brudvik (andaktar), Jan Herland (besøk) og Ole Agnar Helland (nattverdsamlingar) har vore involverte i tenestene på Balestrand helsetun, oftast torsdagar kl. 17.00. I tillegg til eigne besøksdagar har det vore ni andaktar (tjue i 2017), seks nattverdgdustenester (fire i 2017) og ei gudsteneste på julaften.

3.5 *Diakoni*

Diakoniutvalet (DU) sitt arbeid

Diakoniutvalet har hatt to møte i 2018. Her er nokre av sakene diakoniutvalet har fokusert på i 2018:

Fellesmiddagar for heimebuande eldre

Her er DU med som medarrangør i lag med Pensjonistlaget, Raudekrossen mfl.

Drøfting av stilling som diakonimedarbeidar før ny utlysing

Her hadde diakoniutvalet felles møte med AU den 31. august og drøfta stillingsinnhald, stillingsstorleik eventuell kombinasjon med andre stillingar (Sygna/Leikanger) osb. Det kom fram at Kafé Møteplassen har spela ei viktig rolle, men at ressursane no kanskje skulle setjast inn på andre felt. Det kom mellom anna framlegg om diakonale tiltak retta mot born og familiar. Konklusjonen vart likevel at fokus for den vesle stillinga som diakonimedarbeidar måtte utformast i lag med den som ev. vart tilsett i stillinga.

Kyrkjeskys

Ei meir fast ordning med kyrkjeskys for dei som ynskjer å delta i gudsteneste, men ikkje har bil, var også drøfta i lag med AU i august. Diakoniutvalet jobba vidare med kartlegging av behov i sitt møte 12. september ved å kontakte personar direkte – både folk som kunne ynskje skys og folk som hadde plass til fleire i bilen sin. Nokre er ut frå dette alt i gang og har fått gjort avtalar slik at dei kjem seg til kyrkje, men saka vert lagt fram for soknerådet i 2019.

Skaparverkets dag

Vart markert i gudstenesta i Sæle kyrkje den 2. september. Det var diakon Tore Brudvik som leia gudstenesta og han er også leiar i Diakoniutvalet. Andre medlemer i diakoniutvalet deltok i gudstenesta t.d. ved forbøna.

Andre saker

Før jul var utvalet som vanleg ansvarlege for å dele ut ei blomehelsing frå kyrkjelyden til pårørande som hadde mista nokon i året som hadde gått. Det var få gravferder i 2018 og dermed færre personar å dele ut til enn vanleg, men fleire uttrykker takksemd for å bli hugsa på denne måten.

Internasjonal diakoni: Fasteaksjon «Ja, vi elsker dette vatnet»

Det kom i 2018 inn totalt 22.535 til Kirkens Nødhjelp (KN) sitt arbeid. Kr 20.485 i bøssene, kr 1.750 via Vipps og kr 300 via Spleis. Resultatet er ca. 3500 dårlegare enn 2017 og 4700 dårlegare enn 2016. Det ser ut som om dette er ein tendens over heile landet. Ei forklaring kan vere mindre kontantar i omlaup. Uansett er gåve-midlane frå Balestrand nok til å sikre 112 menneske varig tilgang på reint vatn! Takk til alle som var med og bidrog til dette! Kjersti Brudvik er KN-kontakt i Balestrand og organiserte aksjonen i lag med kyrkjevevja.

Kafé Møteplassen – diakonimedarbeidar ansvarleg

Louise Nilsson var fast tilsett i 12 prosent stilling som diakonimedarbeidar fram til sommaren 2018 med drifta av Kafé Møteplassen som viktigaste arbeidsoppgåve. Målet med kafeen har vore å få til eit møtepunkt med låg terskel mellom dei nyaste og dei meir etablerte innbyggjarane i Balestrand. Nokre av flyktningane hatt språktrening på kafeen i samråd med NAV med praktisk tilrettelegging og opprydding i lag med Louise.

Soknerådet har jamleg evaluert tiltaket i samråd med diakonimedarbeidaren og kafeen har heilt frå starten fungert godt, med bygging av kjennskap og venskap og språktrening. Etter kvart som flyktningane har vorte betre integrerte, var det våren 2018 minkande oppslutnad om tilbodet, både frå flyktningar og fastbuande. I samband med vakant diakonistilling og ny utlysing av stillinga la soknerådet ned kafeen inntil vidare.

3.6 Song- og musikkliv. Kulturelle tilbod.

To barnekor i kyrkjelyden – BALUBA og JOY

Kyrkjelyden er glade for både Barnekoret BALUBA (frå fem år) og «tweenskoret» JOY (frå 5.kl) som bidreg med flott song både i gudstenester og andre samlingar. Dei syng vanlegvis kvar for seg, men på bedehuset 18. mars 2018 samarbeidde dei om påskemusikalen «Det er påske» av Ivar Skippervold i lag med eit band frå Sygna. Båe kora vert drivne av dyktige, frivillige medarbeidarar: Aud Laila Heier, Marit Almeland Grøneng og Gunn Berit Bøthun i Baluba. I Joy har Gunhild Skåsheim hatt hjelp av Sygnaelevane Grethe Elisabeth Gjøre (våren 2018) og Kristine Friborg (heile året).

Konsertserien «Fem i stein» deltok i Kvamsøy kyrkje olsok 29. juli 2018

Ved årets olsokgudsteneste på Kvamsøy deltok tre musikarar frå kyrkjekunstserien «Fem i stein» i gudstenesta. Namnet spelar på at prosjektet spring ut frå dei fem gamle steinkyrkjene i Sogn og årets prosjekt var konsertførestillinga «Steg for steg» med pilegrimsmotiv. Ingeborg Christophersen (fløyte / trøorgel), Jon Brodal (feler) og Mari Askvik (song) sine flotte bidrag var inspirert av norsk og keltisk folkemusikk. Dei fungerte også som vikarar for organisten ved at dei spela til salmane. «Fem i stein» ynskjer å få til eit årleg prosjekt i dei fem steinkyrkjene der innhaldet kan variere frå år til år.

Julekonsert i Tjugum kyrkje 12. desember 2018

Organist Ole Agnar Helland var ansvarleg for og leia julekonserten den 12. desember. Nytt i 2018 var at ei stor gruppe frå tiande klasse på Sagatun deltok under leiing av musikk lærar Rut Solveig Nydal Netland, på gitarar (mange), keyboard, piano, bass mm. Asbjørn Ekse flytta til Balestrand i 2016 og har bidrege til mykje glede på Helsetunet med trekkspillet sitt dei siste åra. Det same gjorde han då han debuterte i julekonsert-samanheng. Etter nokre år pause var også Mannskoret frå Sygna vgs leia av Henning Sagevik med og song ein song. Andre medverkande: Joy (dir. Gunhild Skåsheim), Damene (dir. Aud Laila Heier), Balestrand songlag (dir. Bjørge Bjøberg). Kjetil Netland hadde andakt og soknerådsleiar Helge Ulvestad takka dei medverkande.

3.7 Samarbeid med andre

Vi har eit godt samarbeid med Sygna vgs, til dømes ved samarbeid om Ung Messe der Sygnaelevane har delteke i planlegging og gjennomføring i lag med konfirmantar og ungdomar frå bygda. Fleire elevar frå Sygna deltek også som hjelpeleiarar i ulike trusopplæringstiltak.

Vi samarbeider godt med Bedehuset Betel, t.d. om Tid for tru, Nestenåring mm og vi er takksame for den innsatsen som vert lagt ned på bedehuset og i grupper for born og unge. Soknerådet leiger også bedehuset til nokre konfirmantsamlingar og andre trusopplæringssamlingar.

Vi har òg eit godt samarbeid med dei engelske prestane frå den anglikanske kyrkja som gjer teneste i **St Olavs kyrkje** i laupet av sommaren. Vi hjelper til å kunngjere gudstenestene deira, vi har ei eller to felles, økumeniske gudstenester i året og dei deltek gjerne på skulegudstenestene.

Soknerådet vil takke Vener av St Olavs kyrkje for det dei gjer for vedlikehald og tilsyn med engelskkyrkja. Vi vil òg takke Midtnes hotell for dagleg tilsyn og Kviknes hotell for innlosjering av dei engelske prestane.

3.8 Informasjonsarbeid

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet er ein god kanal for å nå ut til innbyggjarane og i 2018 kom det to utgåver. Nr 1 kom ut veka etter påske (20 sider) og nr 2/3 kom ut nokre dagar før jul som eit utvida nummer med fleire sider (32 sider). Frå 2018 har butikken JOKER Balestrand teke over fulldistribusjon i Balestrand.

Økonomi: Totalt har kyrkjelydsbladet kosta soknerådet kr 2.600 i 2018, men dette er samstundes kr 2.600 mindre enn budsjettert kostnad. Ei utgåve mindre enn budsjettert gav ei innsparing på trykkekostnader, men kosta meir enn eit vanleg nummer pga. trykking av fleire sider og meir porto (utanbygds abonnentar). Det kom inn kr 4.000 mindre i bladpengar enn budsjettert. Her var det også uheldig at bladet med giro kom ut så seint på året (bladpengar som kom på konto i starten av 2019 har vore tilbakeført til 2018-rekneskapen).

Kyrkjevevja er ansvarleg for mykje av stoffet og å setje opp bladet, men har hjelp av redaksjonsnemnda og kyrkjelydspedagogen som også har levert reportasjar og artiklar.

Plakatar, infoskjerm og avis

I 2018 har soknerådet halde fram med gudstenesteplakatar for ein månad/ei høgtid om gongen. Det vert kvar månad hengt opp ca. 20 plakatar i heile kommunen. Plakaten vert også vist på infoskjermen til Joker Balestrand i Holmen mot eit lite vederlag. Det vert fast sendt inn info til gudstenestesidene i Sogn Avis.

Heimeside – www.balestrand.kyrkja.no

Soknerådet driftar og marknadsfører heimesida [balestrand.kyrkja.no](http://www.balestrand.kyrkja.no). Det er ikkje mykje nyhendestoff, men sida har informasjon om gudstenester, kyrkjelydstur, konfirmantplanar, skjema for innmelding av dåp og vigsel, søk etter gravlagde på gravplassane, vedtekter for gravplassane, årsrapportar og kyrkjelydsblad.

3.9 Offer, innsamlingar og gåver

Alle tala som gjeld offer og gåver ligg i statistikk-kapittelet, **5.3 Offer, innsamlingar og gåver – statistikk s.18**

Takkoffer ved gudstenester og arrangement

Det er soknerådet som tildeler offer og det vert samla inn takkoffer ved alle gudstenester utanom langfredag og julegudsteneste på Helsetunet. Det er også medvite at om lag 2/3 av gudstenesteeffera er tildelte eksterne offermottakarar (misjons- og hjelpeorganisasjonar, lokale leirstader, kristne utdannings-institusjonar, interesseorganisasjonar, søndagsskulen osv.) og at ca. 1/3 går til det lokale kyrkjelydsarbeidet.

Offer via Vipps (Balestrand sokn – Vippsnummer 137665)

 Det er ein generell tendens at folk brukar mindre kontantar enn før, og frå 2018 har Balestrand sokn teke i bruk betalingsløysinga Vipps der ein kan overføre pengar via ein app på mobiltelefonen. Etter at vi fekk Vipps i 2018 har kortterminalen i Tjugum ikkje vore brukt eller etterspurd til offer i det heile. Bruken av Vipps tok seg opp i laupet av året og i 2018 har **19,2 prosent av alle offerinntekter kome via Vipps**. Andelen elektronisk overført offer vil nok halde fram med å stige dei komande åra. Gebyret ved bruk av Vipps er 1,75 % og vert trekt før utbetaling, slik at dersom nokon til dømes gjev 200 kr på mobilen sin, får soknerådet 196,50 kr inn på konto.

Andre innsamlingar og gåver

Det kom i 2018 inn 27.000 til kyrkjelydsarbeid via **fast gjevarteneste**. AvtaleGiro er lettvtint for både gjevar og mottakar, men løysinga kostar ein del og bør vurderast i samband med samanslåing med Sogndal (kanskje felles løysing for fleire sokn?). Løysinga frå firmaet Solidus inkluderer rapportering av skattefritak til skatteetaten for dei av gjevarane som har valt det. **Fasteaksjonen** til Kirkens Nødhjelp er nemnd på side 9.

Elles er det gjeve **enkeltgåver** via giro i kyrkjelydsbladet, gåver til kyrkjestova og frå 2013 ei årleg overføring frå Thorbjørnsens legat. Soknerådet har i 2018 spesielt bede om gåver til innkjøp av servise/utstyr til kyrkjestova. Øyremerka gåver som ikkje vert brukt i laupet av året dei er gjevne vert avsette til bundne fond for bruk til føremålet seinare. Dette gjeld td. større pengegåver til trusopplæring / arbeid blant born og unge. Oversyn over fondsmidlar finn ein i detaljert balanse på siste side i Balestrand sokn sin årsrekneskap.

Friviljuge **bladpengar** til kyrkjelydsbladet vert i statistikksamheng rekna som gåve og rapportert til SSB i lag med dei andre gåvene. Overskot ved sal av **jubileumsboka** for Tjugum kyrkje (i 2018 var det 2409 kroner) er av tidlegare redaksjon bestemt gjeve til kyrkjestova og dette vert også ført som gåve i statistikken.

4 Kyrkjeleg drift –fellesrådsdelen

I eittsoknskommunen Balestrand har soknerådet også fellesrådsfunksjon. Verksemda er regulert av kyrkje-lova, gravferdslova, forvaltningslova, offentleglova og diverse ordningar og forskrifter. Balestrand sokneråd er medlem i KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (tariffavtalar, rådgjeving, kurs, samordning).

Administrasjon - Kyrjekontor i Sjøtunsvegen 6

Kyrjekontoret ligg i Sjøtunsvegen 6 og soknerådet leiger lokale av Balestrand Næringsbygg AS. Prest, kyrkjevevje og kyrkjelydspedagog har kvart sitt kontor. Møterom i 2.etasje.

4.1 Stillingar og tilsette

Stillingar/årsverk i soknet

Sjå organisasjonskartet på side 2. Ved utgangen av året hadde Balestrand sokn 1,92 årsverk (1,72 årsverk utanom prosjektstillinga til kyrkjevevja i Sogndal frå 15.10). Ikkje vakansar i Balestrand sin del av stillingane.

Tilsette i 2018

Fast tilsette i Balestrand. Situasjonen pr.31.12.2018

Namn	Stilling	Stillings%	Tilsett frå	Merknad
Jostein Risa	kyrkjevevje/dagl leiar	100,00 %	15.02.2005	Har 80 % fast stilling + 20 % prosjektstil. for Sogndal og Leikager kf frå 15.10.2018.
Ole Agnar Helland	Organist	30,00 %	01.05.2017	Engasjement frå 1.5, fast tilsetjing frå 7.10
Fisseha Weldeyohannes Andemichael	Kyrkjetenar Tjugum	25,00 %	01.07.2017	Fast tilsett frå 1.1.2018 (vedtak 6.12.2017)
Magni Åm Risa	Kyrkjelydspedagog i Balestrand	25,00 %	01.08.2017	25 % still i Balestrand Statstilskot til trusopplæring finansierer ca. halve still. i B.
VAKANT	Diakonimedarbeidar	12,00 %		Louise Nilsson slutta i stillinga 22.7.2018

Vikarar og tilsette på timebasis

Tilsette på **gravplassane** på timebasis: Bjarne Hjartholm (plenslått Kvamsøy kyrkjegard og stell av graver) og Sølvi Sæle (steller graver på Sæle kyrkjegard mm).

Friviljuge **klokkarar** i Tjugum kyrkje: Bjørg F Bjøberg, Johanna S. Fagermoen, Ole Eilifsen, Magni Åm Risa. Friviljuge **klokkarar** Sæle kyrkje mm: Hallbjørg Eidhamar, Hege Beathe Bugge (permisjon delar av året) og Kirsten Marie Aalhus (ny). Fast klokkarteneste i tidlegare Kvamsøy sokn vart starta opp frå 2. halvår 2017.

På organist- og kyrkjetenarfronten har det nesten ikkje vore behov for vikarar, men tidlegare **organist** Jorunn Andrea Høines spela ved to gudstenester i september og ved olsokgudstenesta på Kvamsøy tok musikarar frå «Fem i Stein» ansvar for både song og musikkinnslag og speling til songane. Kyrkjevevje Jostein Risa har vore vikar for **kyrkjetenar** i feriar og har elles vore medhjelpar ved nokre vigslar og gravferder med ekstra mange besøkande. Julaften var tidl. kyrkjetenar Aleksander Dale vikar i Tjugum.

Endringar i staben i 2018

Stillinga som diakonimedarbeidar vakant frå sommaren 2018

Louise Nilsson har vore i stillinga som diakonimedarbeidar i 12 prosent av full stilling i til saman over 2,5 år. I starten kortare engasjement haustyen 21015 og våren 2016, så i fast stilling i nesten to år frå august 2016 til sommar3n 2018 då ho sa opp i samband med tilbod om auka stilling på Sygna. Hovudprosjektet har heile tida vore Kafé Møteplassen som var Louise sin ide og noko ho verkeleg brann for (sjå Kap 3.5 side 9). Ho vart takka for tenesta i gudstenesta 4. november og fekk eit bilete av Bjørg Bjøberg i avskilsgåve.

Det vart lyst ut ledig deltidstilling som diakonimedarbeidar i 10 prosent av full stilling i kyrkjelydsbladet nr.2/3-2018 med søknadsfrist 8. januar 2019. Det kom ikkje søknader. Kyrkjeleg fellesnemnd ved samanslåinga med Sogndal og Leikanger har søkt bispedømet om midlar til å finansiere halvparten av ei deltid diakonistilling i Leikanger - som *eventuelt* kan kombinerast med stillinga i Balestrand om ein skulle få tildeling.

Kyrkjeverja tilsett i ei 20 prosent prosjektstilling i Sogndal

Kyrkjeverje Jostein Risa er tilsett i 80 prosent stilling i Balestrand. Kyrkjeverja Jorunn Merete Haukås-Eide i Sogndal og Leikanger er også prosjektleiar for samanslåinga av fellesråd og jobba med dette på toppen av ei allereie travel kyrkjeverjestilling. Det var søkt om midlar frå kommunal fellesnemnd og då det endeleg var klart at kyrkjeleg fellesnemnd fekk midlar, vart ho frikjøpt frå kyrkjeverjestillinga ein dag i veka og kyrkjeverje Jostein Risa vart frå 15.10.2018 tilsett av Balestrand sokneråd i ei midlertidig prosjektstilling på 20 prosent der lønsutgiftene vert refundert frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeverja i Balestrand har dermed 100 prosent stilling ved utgangen av året.

Første tildelte oppgåve var å fullføre prosjektet med digitale gravkart for alle gravplassane i den nye kommunen. Å tilpasse gravregister og tidlegare skjematiske kart med terreng og innmålte gravminne på ti ulike gravplassar som ligg spreidde i den nye kommunen viste seg meir utfordrande og arbeidskrevjande enn venta og arbeidet med dette strekk seg ut over hausten 2018.

Helse – Miljø – Tryggleik (HMT)

Balestrand sokneråd har vedteke eit HMT-dokument som legg rammene for arbeidet. Balestrand sokneråd har som største arbeidsgjevar på kyrkjekontoret også HMT-ansvar for presten. HMT går både på det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet og stabsmøta er ein viktig del av HMT-arbeidet.

Stabsmøte

I eit år med mange vikarar på prestesida har det vore færre stabsmøte enn vanleg og ynskjeleg, men med prest på plass att i andre halvår, kom stabsmøta i gang att ut på hausten 2018 der siste møte var 20. desember med planlegging av gudstenestene i jula og felles julelunsj på Midtnes Hotel.

Samanslåing og HMT

Samanslåinga av kommunar medfører mange endringar for dei tilsette – noko som kan påverke arbeidsmiljøet. Prosjektleiar Jorunn Merete Haukås-Eide har lagt vekt på god informasjon og alle dei ulike stillingsgruppene har hatt felles møte for dei tilsette i både Sogndal/Leikanger og Balestrand for å sjå på høve til samarbeid i framtida og sikre medverknad i prosessane.

Felles stabstur til Skjerjehamn 2.-3. oktober



Frå 1.1.2020 får alle fellesrådstilsette nye Sogndal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar og arbeidet med å bygge ein felles stab (også i lag med prestane) er starta. Det vart i starten av oktober arrangert stabstur med ei overnatting i Skjerjehamn i Gulen. Totalt 18 personar frå alle stillingskategoriar deltok, av dei alle fire tilsette frå Balestrand. På eit rikhaldig program stod det mellom anna inspirasjonsforedrag med psykolog Trond Haukedal (bror til Bård Haukedal, tidlegare prest og prost i Sogndal) og viktig informasjon om prosessar og rettar for dei tilsette i samband med samanslåinga. Ein viktig del av turen var å bli betre kjende på tvers av kommunegrenser - gjennom

måltidsfellesskap, turar, aktivitetar og underhaldning. Det var også arbeidsmøte både for dei ulike stillingsgruppene og felles – mellom anna med konkrete framlegg til samarbeidstiltak i nye Sogndal.

Soknepresttenesta – Arbeidsgjevar Bjørgvin bispedøme

Balestrand høyrer til Sogn prosti. Prost Kjetil Netland har ansvar for prestetenesta i heile Sogn prosti, men halvparten av prostestillinga er sett av til kyrkjelydsteneste. Etter avtale med biskopen vert denne delen av stillinga hovudsakleg nytta til soknepresttenesta i Balestrand. Etter ei intern rokering av prestar mellom prostia, vert det etter avtale også tilført ressursar frå Sunnfjord prosti: Tenester ved inntil fem gudstenester, fem gravferder og fem vigslar (i praksis: fleire gudstenester og færre andre tenester).

Vikarar i 2018

Første halvår var Netland (delvis) sjukemeld og mange gudstenester, gravferder og vigslar var dekkja av vikarar. Ved ein del tenester på våren var Kjetil med og hadde preika, medan andre leia gudstenesta. Kyrkjelyden er takksame for alle som har stilt opp som vikarar dette året. Frå august har Netland vore i arbeidsavklaring, og utført dei fleste av prestetenestene i kyrkja i Balestrand.

Namn leiar teneste	Tittel/rolle	Frå	Gudst	Gravf	Vigsl	Merknad
Kjetil Netland	Prost	Balestrand	18	1		Delvis frå mai (+ palmesøndag). Ikkje medrekna tre gudstenester der andre leia og Kjetil tala)
Ole Agnar Helland	Pensjonert prest	Vik/Balestrand	7			Nattverdsaml.+ julaft. Helsetunet
Runar Matsui-Li	Sokneprest	Høyanger	6			jf. .avtale m Sunnfjord prosti
Audun Systad	Sokneprest	Hyllestad	3		1	Konfirm, Kvamsøy og dåpsgudst
Kjersti Brudvik	Diakon	Balestrand	3			
Tore Brudvik	Diakon	Balestrand	3			
Åge Mundal	Pensjonert prest	Klepp/Fjærland	3			Sommar
Kjell Sæter	Pensjonert prest	Leikanger	2			Fastelavn og påskedag
Mikael Bruun	Sokneprest	Luster	1		1	
Jostein Risa	Lek gudst.leiar	Balestrand	1			3.6 Tale av Tina Birkholm
Olav Martin Hove	Pensjonert prest	Vik	1			14.3. Tale av Magni Åm Risa
Geir Sørebo	Pensjonert prost	Bjordal	1			
Andreas Danbolt	Ungdomsprest	Sogndal	1			13.9 Ung Messe
Gunnar Eldevik	Prestestudent	Bergen		2		
Kjell Olav Nordheim	Sokneprest	Sogndal		1		
Vegard Bondevik Lie	Sokneprest	Leikanger		1		også geistleg medl i soknerådet
Andreas Ester	Sokneprest	Lavik			1	jf. .avtale m Sunnfjord prosti
TOTALT			50	5	3	

Her ser vi at i alt 17 personar har vore involverte i presterolla for å få i hamn dei kyrkjelege tenestene i 2018. I eit normalår ville talet truleg vore ikring halvparten jf. ferieavvikling og frihelger.

4.2 Kyrkjene

Vedlikehald kyrkjer

Balestrand sokneråd har valt eit bygningsutval som har hatt fleire synfaringar og sett opp prioritert liste over naudsynt vedlikehald og framlegg til framdriftsplan for dei neste åra. Det var i utgangspunktet lite midlar til vedlikehald i budsjettet, men på grunn av få gravleggingar første halvår, gjennomførte soknerådet ein budsjettrevisjon der 18.000 kroner vart flytt frå graving av graver til vedlikehaldspostar.

I laupet av året har dette vore utført:

Utsifting av roten søyle på Sæle kyrkje i januar 2018

Ei roten utvendig søyle i sør-austre hjørne på Sæle kyrkje vart bytt ut med ei ny (heiltre, kjerneved av god kvalitet). Dette arbeidet måtte gjerast før overbygget byrja sige skeivt. Innkjøp av materialar og måling var gjort i 2017, medan alt arbeidet vart utført av Lidal Vedlikehold og Service AS i starten av 2018. Dei laga ein eksakt kopi av den tidlegare søyla med utskjeringar osb. Dette var arbeidskrevjande og ått opp mykje av det frå før låge vedlikehaldsbudsjettet.

Reparasjon av rote overbygg over hovudinngang Tjugum kyrkje

Dette har ikkje stått i planane tidlegare, men etter eit tips frå Lidal som er mykje på gravplassen og rundt kyrkja, avdekka ei synfaring med bygningsutvalet at dette var prekært og måtte gjerast noko med. Her var det dårleg avrenning som gjorde at det var mykje råte og materialar som måtte skiftast ut. Dette for å unngå fare for skade på alle som går ut og inn gjennom hovuddøra til kyrkja. Overbygget / utstikket vart måla og det vart lagt på nye beslag som skulle leie vatnet betre bort.

Inventar kyrkjer

Det har ikkje vore gjort større innkjøp til kyrkjene i 2018, men det vert her nemnt eit par:

Innkjøp av bøker og liturgiar til kyrkjene

Det har vore brukt kr 2.300 på diverse bøker/liturgiar til kyrkjene: Ny dåpsliturgi, ny vigselsturgi, ei songbok til organisten og små versjonar av tekstboka til tre nye, friviljuge klokkarar til å ha heime for å førebu seg.

Brannsløkkar Kvamsøy

Der kjøpt inn to nye brannsløkkarar til Kvamsøy kyrkje etter at dei førre gjekk ut på dato i 2018. Ca 900 kr for eit skumapparat og eit pulverapparat. Det vert brukt brannsløkkarar med skum (mindre problem enn pulver ved utløyning, men dyrare og kortare levetid) inne i kyrkja i tillegg til brannsløkkar med pulver (som toler frost og står i våpenhuset heile året).

4.3 Gravplassane

Vedlikehald av gravplassane

Ny kontrakt for gravplassarbeid etter utlysing

Vedlikehald av Tjugum kyrkjegard og Sæle kyrkjegard (og graving på desse og Kvamsøy kyrkjegard) vart lyst ut på anbod i 2018 med invitasjon til fleire aktuelle tilbydarar. Lidal Utleigeservice fekk tilslaget som ved førre utlysing, og slått, vedlikehald, snømoking og graving vert utført på ein god måte. Avtalen gjaldt 12 månader frå 1.4.2018 – 31.3.2019 med opsjon på ytterlegare ni månader frå 1.4.2019 til 31.12.2019 slik at avtalen totalt kan bli på 21 månader. Sluttdatoen er sett fordi Balestrand sokn frå 1.1.2020 går inn i nye Sogndal kommune og vert ein del av nye Sogndal kyrkjelege fellesråd. Avtalen inneber ein kombinasjon av fastpris (vedlikehald gravplass) og rekningsarbeid (snømoking per time, graving av graver per grav).

På Kvamsøy kyrkjegard har Balestrand Bygdeservice ved Jon Asbjørn Målsnes hatt slåtten i 2018 som tenestekjøp etter at tidlegare tilsett (på timebasis) sa frå seg dette pga. helsesituasjonen.

Vårdugnader på gravplassane

Trongen for vedlikehald er høgare enn tilgjengelege ressursar. Soknerådet legg difor opp til dugnad 1-2 gonger pr. år på alle gravplassane og oppmodar alle om å delta. På gravplassane var det tid for dei årlege vårdugnadene 16. april på Sæle kyrkjegard og 24. april på Tjugum kyrkjegard. Nytt i 2018 var at Silvija's Blomster (no tilknytt Joker) etter avtale stilte med blomar, plantejord osb. for sal i samband med dugnadene. Takk til alle som stilte opp og deltok i vårryddinga før konfirmasjonane!

Ekstra dugnader knytt til gravplassane

I 2018 har det vore to dugnadsprosjekt knytt til gravplassane i tillegg til dei ordinære dugnadene: Dette, kombinert med sponing av grus og utstyr, har medført at soknerådet fått gjort meir enn forventa:

Grusing av gangveggar på Tjugum kyrkjegard: Gangvegane mellom dei nye gravfelta var svært tilgrodd av gras og mose – så mykje at dei var vanskelege å vedlikehalde og halde fine - det var ikkje lenger noko poeng i å sprøyte. No har vi også teke i bruke dei «inste» av dei nye gravfelta og kantane langs gangvegane har blitt svært tilgrodd på dei over 20 åra sidan dei var tekne i bruk. Den 25. juni var det dugnad for å reinske og reinskjere kantstein, skrape av vegetasjon og grus i gangvegane og legge ny grus. **Her hadde vi god hjelp av lokale entreprenørar som spona oss: Lidal Vedlikehold og Service gav fri bruk av gravemaskin som vart nytta ved fjerning av grus og Jan Inge Høydal gav eit lastebillass med ny grus.** Dei gjorde det mogeleg å få gjennomført jobben sjølv om vedlikehaldsmidlane var oppbrukte og dette er noko soknerådet er svært takksame for. Soknerådsleiar Helge Ulvestad leia dugnaden og stilte med traktoren sin som vart ført med trygg hand av Anders Stølen Mæland. Fisseha W. Andemichael, Jostein Risa og Joakim Bang Larsen gjorde også ein god innsats.

Ny gangbru til reiskapshuset på Kvamsøy: Gangbrua her var farleg å bruke - ho var så roten at det var trakka gjennom. I starten av november vart det laga ny av materialar frå ei anna gangbru som vi fekk frå presten i Ese. Takk til dei som har delteke på synfaring, transport og bygging: Helge Ulvestad, Tore Brudvik og Hans Olav Dale.

Stell og planting på graver

Sogneprodukt avd. Balestrand tilbyr stell av graver på Tjugum kyrkjegard

Frå 2017 har Sogneprodukt avd. Balestrand (tidl. Balestrand industrier) tilbydd stell av graver på gravplassen på Tjugum og kyrkjekontoret administrerer ikkje dette lenger. Pårørande kan då tinge planting og gravstell direkte frå dei. Sogneprodukt er ei arbeids- og inkluderingsbedrift.

Timeløna steller graver på Kvamsøy og Sæle kyrkjegard

Familien Hjartholm steller graver på Kvamsøy kyrkjegard og Sølvi Sæle på Sæle kyrkjegard og på desse to gravplassane kan ein inntil vidare tinge stell med årleg giro frå soknerådet.

Førehandsbetalt gravstell for fleire år

Soknerådet administrerer framleis førehandsbetalt gravstell (tidlegare kalla gravfond) der pårørande betaler inn ein sum for å dekke gravstell i inntil 20 år framover. Ordning med tilbod om førehandsbetalt gravstell (før gravfond / gravlegat) vil gå ut etter samanslåinga med Sogndal og Leikanger og det vil difor ikkje verte inngått nye avtalar. Dei avtalane som alt er gjorde vil verte gjennomførte i tråd med avtaleteksten.

Auka festeavgift for graver i 2018

Festeavgifter/Gravleige er ei viktig inntektskjelde for gravplassforvaltninga og finansierer administrasjon og vedlikehald av gravplassane. Balestrand kommune vedtok i februar at festeavgifta i Balestrand vart auka frå kr 150 pr. grav pr. år til 200 kr gjeldande frå 15. februar 2018. Avgifta vert kravd inn for fem år om gongen. (Feste med forfall før 15.2.18 betalte då gamal sats). Førre gong Balestrand kommune vedtok auke av festeavgifta var i 2015. I 2018 kom det inn totalt kr 120.700 i festeavgifter, kr 1.300 mindre enn i revidert budsjett, men 39.000 meir enn opphavsleg budsjett jf. auka sats.

4.4 Kyrkjestova på Tjugum

Kyrkjestovenemnd

Soknerådet har valt ei kyrkjestovenemnd med mandat å vere eit «husstyre» for kyrkjestova med ansvar for retningslinjer for utleige, tilråding av innkjøp av utstyr og utsmykking og å fylgje med på vedlikehaldsbehov.

Innkjøp av tekstilbilete til utsmykking av kyrkjestova

Det viktigaste innkjøpet i 2018 var tekstilkunst til å henge på veggane i kyrkjestova. Etter tilråding frå kyrkjestovenemnda, kjøpte soknerådet inn tre bilete av tekstilhandverkaren Eli Johanne Berg som no bur i Bergen: Det største biletet «Nåde over nåde» med kristne symbol til frontveggen og to litt mindre bilete med naturmotiv til sideveggen, «Carpe diem» og «Det er den draumen». Innkjøpet vart finansiert med midlar frå eit ferskt bunde fond med gåvemidlar til «kyrkjelege føremål» (jf. avslutta offerlegat). Kyrkjestova er i jamleg bruk til barnesamlingar, trusopplæring, møte og kyrkjekaffi og det er kjekt å kunne vise til noko vakkert og varig som er kjøpt inn for midlane. Bileta vart avduka ved kyrkjekaffien etter gudstenesta 3. juni 2018.

Gåver til kyrkjestova

Det har i 2018 kome inn gåver frå privatpersonar og lag til kyrkjestova på totalt 32.800 . Blant desse var Balestrand bygdekvinnelag som avslutta drifta for ei tid sidan og bestemte at midlane som var att i laget (totalt 2.600 kroner) skulle gjevast som ei gåve til kyrkjestova. Gåva frå Thorbjørnsens legat på kr 24.700 ligg også inne her (går til dekking av renter på kommunen sitt lån til kyrkjestova). Etter dekking av lånerenter på kr 16.900 , samt innkjøp av div utstyr på totalt kr 1.600, er gåveoverskotet på kr 14.300 avsett til bunde fond for seinare bruk.

Innkjøp av servise og kjøkenutstyr til kyrkjestova

I tråd med tilråding frå kyrkjestovenemnda, vedtok Balestrand sokneråd 29. november å kjøpe inn servise frå serien Figgjo Relieff, samt glas, bestikk og anna kjøkenutstyr til servering av inntil 65 personar samstundes. Innkjøpet er tenkt finansiert av gåvemidlar øyremerka kyrkjestova. I påvente av fullfinansiering via gåver, vart sjølve innkjøpet utsett til etter årsskiftet.

Diverse utstyr og forbedringar

Leiar i kyrkjestovenemnda snekra i februar 2018 vegghyller på lageret og fekk hengt opp eit vegghengt stellebord på toalettet. I desember vart ei øymerke gåve brukt til å kjøpe inn fire høge barnestolar til dei yngste borna.

Retningslinjer og satsar ved utleige av kyrkjestova frå 2017

I samband med finansieringa av bygget vart det gjort avtale med Balestrand kommune om at innbyggjarane i kommunen utan kostnad kan bruke bygget som livssynsnytralt seremonilokale ved overgangsriter eller seremoniar knytt til fødsel / namngjeving, overgang frå ungdom til vaksen, ekteskapsinngåing og gravferd. For anna bruk er leigesatsane sett til 300 kr (for enkle arr ved lokale lag og organisasjonar som gjer reint etter seg sjølv) og 1500 kr ved utleige av heile huset til minnesamvær, åremålsdagar og feiringar.

5 Statistikk

Utdrag frå den offisielle årsstatistikken som er send Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2018.

5.1 Statistikk over medlemsskap / kyrkjelege handlingar

	2018	2017	2016	2015	2014
Medlemer, innmeldingar og utmeldingar					
Medlemer m tilhørige pr.31.12	917	915	936	963	991
... endring i tal medlemer frå året før	2	-21	-27	-28	-17
Innbyggjarar i kommunen	1279	1262	1288	1294	1304
Medlemsprosent (medlemer av innbyggjarar i kommunen)	71,7 %	73 %	73 %	74 %	76 %
Innmeldingar (unnateke dåp)	1	1	1	1	0
Utmeldingar	3	2	13	0	1
Kyrkjelege handlingar					
Dåpshandlingar	4	6	10	16	14
... av desse dåp av personar med bustadadresse i soknet	3	3	7	10	9
Forbøn konfirmantar:	12	6	17	12	21
Vigsler	3	4	3	9	7
... av desse vigsler der minste ein er busett i soknet	1	0	1	0	1
... av desse par utan lokal tilknytning* ("utanbygds" vigsler)	2	2	1	3	2
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet).	5	20	20	7	13

* Definisjon av lokal tilknytning: Minst den eine som ynskjer vigsle bur i Balestrand eller har foreldre buande her.

Medlemsauke

Balestrand kommune har for første gong på svært mange år hatt ein folketalsauke og tal kyrkjemedlemer har auka med to personar frå 2017 til 2018! Likevel går medlemsprosenten ned, fordi størstedelen av dei som flyttar til Balestrand ikkje er medlemer i DnK. Det var i 2016 ein topp i tal utmeldingar då det vart innført høve til elektronisk inn- og utmelding av kyrkja kombinert med ein del kontroversielle saker kyrkja sentralt. Vi er no attende til eit meir «normalt» år med 1-2 inn- og utmeldingar i året. Det har drøfta å informere nye innbyggjarar i Balestrand om høvet til å melde seg inn i Den norske kyrkja. Fleire av dei som har flytta hit (t.d. frå Norden, Baltikum, Eritrea) har tilknytning til ei kyrkje i landet dei kjem frå. Dersom også borna deira døypete/ innmelde, får dei automatisk invitasjon til trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden.

Kyrkjelege handlingar – dåp og konfirmasjon

I 2018 var det berre fire dåpshandlingar av totalt. Fersk statistikk frå SSB seier at berre 27,3 av dei som vart fødte i Balestrand i 2018 vart døypete, noko som skulle tilseie at det er fødd 10 born som ikkje har vorte døypete i DnK. Dette heng nok saman med at Balestrand er ein svært «internasjonal» kommune i høve folketalet og er den kommunen i området med lågast medlemsprosent (71,7 prosent av innbyggjarane mot over 80 prosent hjå alle nabokommunane).

Når det gjeld talet konfirmantar, har dette dobla seg frå i fjor, jf. større kull. 86 prosent av 15-åringane deltek i konfirmasjonstida og her ligg deltakinga i Balestrand høgare enn større kommunar som Leikanger (75 prosent) og Sogndal (68 prosent), men under Hyllestad (90 prosent) og Vik (94 prosent). Fleire konfirmantar viser ofte att i gudstenesteframmøte og offerinntekter, sjå neste side.

Kyrkjelege handlingar – gravferder

Etter to år med 20 gravferder var det i 2018 berre fem kyrkjelege gravferder i Balestrand. Dette er det lågaste talet som har vore i Balestrand nokon gong. I kyrkjestatistikken tel ein seremoniar med jordpåkasting ved presten (fem), medan det på gravplassen var sett ned fire kister/urner (jf. ei bisetjing i 2018 der urna vert sett ned i 2019). I 2018 var det ingen utanbygds gravferder hjå oss, men i høve det låge talet gravferder kan ein merke seg at tre personar frå Balestrand som døydde i 2018 vart gravlagde i andre kommunar.

5.2 Gudstenestestatistikk

Type gudsteneste	2018			2017			2016			2015			2014		
	Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt		
Alle gudstenester (forordna og andre) inkl. skule/institusjon	50	3031	61	53	2732	52	53	3424	65	58	3446	59	59	3796	64
Alle gudstenester på sun- og helgedagar	42	2866	68	45	2184	49	45	3092	69	45	3041	68	46	3342	73
"Forordna" gudstenester	41			41			41			41			41		
Alle gudstenester tidl Tjugum sokn (inkl. skule, institusjon)	39	2415	62	39	2067	53	40	2856	71	45	2879	64	44	2935	67
Alle gudstenester tidl Kvamsøy sokn	11	616	56	14	665	48	13	568	44	13	567	44	15	861	57
1. Gudstenester med nattverd (Deltakarar=Nattverdgjester)	34	1076	32	31	1052	34	27	1029	38	29	1038	36	30	1177	39
3. Familie - og barnegudstenester (Ikkje julaften)	4	276	69	4	297	74	4	299	75	2	216	108	4	474	119
4. Gudstenester for ungdom (ikkje konfirmasjonsgudst)	3	185	62	4	283	71	3	220	73	4	266	67	3	179	60
5. Gudstenester for barnehage- og skoleborn	0	0	0	2	108	54	3	180	60	2	148	74	2	160	80
6. Gudstenester julaften	3	330	110	3	305	102	3	315	105	3	306	102	3	340	113
Andre arrangement															
Konsertar og musikkandaktar*	1	244	244	1	174	174	1	178	178	1	201	201	1	195	195

Gudstenesteframmøte

I figuren under, ser vi at etter ein dupp i 2017 (t.d. pga. få konfirmantar og mange prestevikarar) er fram-møtet ved gudstenestene i 2018 attende på nivå med tidlegare år, sjølv med lågare tal konfirmantar og døypte. Døme: Med berre fire dåpar i 2018 skulle ein tru at det skulle vere endå færre frammøtte i 2018, jf. ti og seksten dåpsfylgje i gudstenester i 2015 og 2016.

Nattverd


Nattverddeltakinga i 2018 er den lågaste etter gudstenestereforma frå 2012 der det vart lagt opp til nattverd i dei aller fleste gudstenestene. Gjennomsnittleg nattverddeltaking viser framleis nedgang trass i auka gudstenesteframmøte. Ei nattverds-gudsteneste meir på Helsetunet enn i 2017 dreg ned dette gjennomsnittet slik at om ein ser bort frå Helsetunet er gjennomsnittleg nattverddeltaking 42 i 2016 og 38 i både 2017 og 2018 (differanse på 0,4 i desimalane).

Tidlegare Kvamsøy sokn

Det har vore færre gudstenester enn normalt i tidlegare Kvamsøy sokn i 2018. Noko av dette kan skuldast prestesituasjonen 1. halvår. Samanlikna med 2017 er skilnaden at det ikkje var sett opp gudsteneste i Sæle i januar, at det ikkje var gudsteneste i tillegg til langfredag i april og at det ikkje var samtalegudsteneste der av di det ikkje var konfirmantar frå denne delen av kommunen. Gjennomsnittleg frammøte ved gudstenestene er det høgaste dei siste fire åra. Gudstenester som trekk opp med godt frammøte: Nesse sambrukshus 68 i februar med song av Baluba, Kvamsøy med 127 besøkande i pinsa med besøk frå Hyllestad og 76 ved olsok-gudstenesta. Julaften i Sæle kl.14.00 har også hatt aukande frammøte dei siste åra med 125 i 2018.

Ikkje skulegudstenester

Året 2018 er det første året det ikkje har vore skulegudstenester i Balestrand. Dette heng saman med lang-tids-sjukemeldinga for presten. På grunn av dyr busstransport til hovudkyrkjene våre har skulegudstenester stort sett vore lagde til St. Olafs kyrkje tidleg på sommaren. Engelskyrkja ligg i gangavstand til skulen og kan



brukast i sommarhalvåret jf. manglande oppvarming. Det har likevel vore godt samarbeid med skule og barnehage med besøk av tilsette både til påske og til jul.

Julekonsert og julaften

Besøket julaften ligg jamt høgt med ein liten auke til totalt 330 i 2018. Frammøtet på 244 ved julekonserten er det høgaste som har vore registrert etter at Balestrand vart eitt sokn i 2004. Det er kjekt å vere samla så mange til felles opplevingar i kyrkja i julehøgtida når vi feirar at Gud kom til jorda. Besøkstalet julaften svarar til 36 prosent av talet på kyrkjemedlemer og ein fjerdedel av innbyggartalet i kommunen.

5.3 Offer, innsamlingar og gåver — statistikk

Offer, innsamlingar og gåver	2018	2017	2016	2015	2014
Sum av ALLE gåveinntekter i 2018	250 624	227 117	263 255	425 385	300 850
Sum av alle gåveinntekter til andre (offer, fasteaksjon)	99 544	97 110	111 697	114 788	119 366
Sum av alle gåveinntekter til eige arbeid (offer, gjevarteneste, enkeltgáv, Thorbj.leg, minnegáv, bladpengar)	151 080	130 007	151 558	310 597	181 484
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	124 033	103 541	120 501	142 450	127 146
... av dette til eiga verksemd	44 974	32 201	35 454	55 087	32 550
... til eiga verksemd i prosent	36 %	31 %	29 %	39 %	26 %
...gj.snitt per offer	2 953	2 408	2 678	3 031	2 957
...gj.snitt offer per frammøtt (gj.sn framm søn)	kr 43	kr 49	kr 39	kr 45	kr 41
Tal gudstenester/arrangement med offer	42	43	45	47	43
Samla inn ved fast gjevarteneste (AvtGiro) til eiga verksemd	27 000	26 250	20 200	18 600	15 850
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksjon, krkstov, minnegåver, Thorbj.legat, bladpengar, andre gáv)	99 591	97 326	122 554	264 335	157 854
... av dette til Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	20 485	25 770	26 650	26 450	24 770
... av dette til eiga verksemd	79 106	71 556	95 904	236 910	133 084
... av dette att til kyrkjestova (gåver+TL)	35 166	35 640	39 600	175 341	67 569

Offer ved gudstenester og arrangement

Offerinntektene ved gudstenester og julekonserten er totalt over 20.000 høgare enn i 2017 og også nokre tusen over 2016. Dette til trass for færre offer (42) enn tidlegare år (43-47) . For å kunne halde fram med viktig arbeid for små og store, er kyrkjelyden glade for all støtte og alle som vil vere med på fast gjevarteneste. Prosent av offerinntektene som går til eige arbeid har gått opp til 36 % sjølv om tal offer til eige arbeid ligg relativt stabilt på rundt 33 % (14 av 42).

Sjå kapittel **3.9 Offer, innsamlingar og gåver på side 10** for meir kommentarar om offer og gåver (Vipps, fast gjevarteneste, enkeltgåver osv.)

NB! Oversyn over kva som kom inn ved kvart enkelt offer i 2018 ligg som vedlegg på **siste sida** i årsrapporten.

6 Økonomi

6.1 Driftsrekneskap – Hovudoversikt

Det vert vist til fullstendig utskrift av «Årsrekneskap 2018». Her er utdrag av hovudoversikt drift med differanse i høve endeleg budsjett og kommentarar (*Merk: Linjer utan posteringar er gøymdre*).

Rekneskapsskjema - Drift	Rekneskap 2018	Budsj (end) 2018	Differanse	Rekneskap 2017	Generell forklaring
Inntekter					
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	274 021	270 600	3 400	199 115	Deltakarbetaling ved kyrkjelydstur, eigendel konfirmantar og MINikonfirmantar, festeavgifter, vigselfavgift, gravferdsavgift, bladpengar, sal av jubileumsbok Tjugum.
Refusjonar/overføringar	205 599	198 300	7 300	215 340	MVA-refusjon 147'+ Refusjon frå fellesråd 58' (prosjektstill KV 20 % og reiseutgifter tilsette ved samanslåing): 2017 også Ref. NAV (løn, sjukep) + ref. for mykje utbet løn
Kalkulatorisk inntekt ved komm. tenesteytingsavtale	20 000	20 000	0	20 000	Tenesteyting rekneskap / løn
Statlege tilskot	89 965	87 800	2 200	275 352	Trusopplæringstilskot Vik-Balestrand
Rammeoverføring/tilskot frå eigen kommune	1 580 000	1 580 000	0	1 580 700	Hovudfinansiering jf. Kyrkjelova §15
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	230 415	220 100	10 300	206 743	Offer, gåver, innsaml (utan bladpengar)
Sum driftsinntekter	2 400 000	2 376 800	23 200	2 497 250	
Utgifter					
Løn og sosiale utgifter	1 143 416	1 185 950	-42 500	1 204 919	Løn, tillegg, ekstrarhjelp, pensjon, arb.gj.avg
Kjøp av varer og tenester	842 567	917 100	-74 500	974 162	Kontorutgifter, mat, porto, tlf., annonser, kurs/opplæring, reiseutg, husleige, revisjon, medlemskap, programvare, kontorutst, PC, forsikring, eigned.avg, vedlikehald, tenestekjøp gravplass og org. vikar., serviceavt.
Refusjonar / overføringar	207 825	170 900	36 900	226 865	MVA 147'+ 3' til Bdr for prest utanbygds vigself + 17' ref komm renter lån krkstov+ EIN GONG: 41' refusjon til fellesråd Vik jf. trusopplæring
Kalkulatorisk utgift ved komm. tenesteytingsavtale	20 000	20 000	0	20 000	Tenesteyting rekneskap / løn
Tilskot og gåver (ut)	99 544	113 200	-13 700	97 286	Utbetaling av * offer til andre.* innsamla til Kirkens Nødhjelp, * ev tilskot til lokale kor/lag. (mindre offer inn=>mindre offer ut)
Sum driftsutgifter:	2 313 352	2 407 150	-93 800	2 523 231	
Brutto driftsresultat:	86 648	-30 350	117 000	-25 981	
Renteinntekter og utbyte = Netto finansinntekter	10 635	9 000	1 600	10 433	Renteinntekter bank.
Avskrivningar	132 957	121 000	12 000	132 957	Kyrkjebygg,krk.stov, reiskapsh, omreg.plan
Motpost avskrivningar	132 957	121 000	12 000	132 957	Kyrkjebygg,krk.stov, reiskapsh, omreg.plan
Netto driftsresultat	97 283	-21 350	118 600	-15 548	
Interne finansieringstransaksjonar:			0		
Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	0	0	0	0	Mindreforbruk førre år
Bruk av disposisjonsfond	19 201	0	19 200	0	Dekking av meirforbruk 2017
Bruk av bundne fond	76 581	33 100	43 500	25 682	Sjå note 8 i reknesk: Dekking meirforbr.17, tekstilkunst krkstov, Vik-midlar til Vik kf mm
Sum bruk av avsette midlar	95 783	33 100	62 700	25 682	
Sett av til disposisjonsfond	0	0	0	0	Mindreforbruk førre år
Sett av til dekking tidlegare år (undersk)	31 107	0	31 100		Dekking av meirforbruk 2017
Sett av til bundne fond	20 338	4 350	16 000	34 676	Øyremerka gåver, renter Kvamsøy gåvefond
Overført til investeringsrekneskapen	6 655	7 400	-700	6 565	Eigenkapitaltilskot KLP pensjonsordning
Sum avsette midlar	58 100	11 750	46 300	41 241	
REKNESKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKOT)	134 966	0	135 000	0	Overskot 2018
REKNESKAPSM. MEIRFORBRUK	0	0	0	31 107	Underskot 2017

Tilskot frå Balestrand kommune

Drift: Kommunen sitt ordinære tilskot til soknet si drift i 2018 var kr 1.580.000 (2017 kr 1.546.700 + ekstra tilskot på kr 34.000 for å dekke kyrkjevedlikehald, totalt kr 1.580.700). Tilskotet skal dekke administrasjon og drift av dei kyrkjene og gravplassane i kommunen samt all lovpålagd kyrkjeleg verksemd i tråd med kyrkjelova §15. Løyvinga er ei rammeløyving og soknerådet gjer sjølv budsjettvedtak. I tillegg er det inngått avtale om kommunal tenesteyting som omfattar føring av rekneskap og løn. Tenesteytingsavtalen er verdsett til kr 20.000 (uendra sum sidan 1997).

6.2 Investeringsrekneskapen

I 2018 er einaste føringa ei avsetning av årleg eigenkapitaltilskot knytt til pensjonsordninga i KLP: kr 6.655.

6.3 Mindreforbruk (overskot) drift

Årsrekneskapen for 2018 viser at driftsrekneskapen kjem ut med eit mindreforbruk (overskot) på kr 135.000 i høve budsjettet. Det vil i 2019 verte gjort framlegg om å disponere mindreforbruket ved å avsetje midlane til Balestrand sokn disposisjonsfond.

Her nemner vi nokre av dei større avvika mellom rekneskap og budsjett som saman kan vere med å gje ei forenkla forklaring av resultatet (avrunda til næraste tusen). Henta frå note 9 i Årsrekneskapen.

Meir-/mindreforbruk (konto / område)	AVVIK mellom rekneskap og budsjett	Forklaring / spesifisering
12301 Gravplassarbeid — tenestekjøp	- 49.000	Soknerådet betaler per grav som vert greven. Mindreforbruk pga. vesentleg færre gravleggingar enn budsjettert (fire gravlagde mot budsjettert gjennomsnittleg femten). Mindreforbruket var endå større i høve opphøveleg budsjett, men 18.000 vart teke høgde for ved budsjettrevisjon pr 06.06.2018.
Lønsutgifter (samla)	- 43.000	Netto mindreforbruk lønsutgifter totalt for tilsette i høve budsjettet (Løn inkl. sos.utg, km-godtgjersle) Mindreforbruket kjem fram av desse hovudpostane - 34.000 kr innsparing jf. vakant still. diakonimedarb frå 23.07.2018 (12 prosent av full stilling) - 19.000 kr lågare pensjonskostnader enn budsjettert (utanom diakonimedarbeidar) +10.000 kr høgare lønskostnader på kyrkje 4202 – gjeld organist og kyrkjetenar: Mesteparten av dette gjeld avtalefesta tillegg som vart kr 8.000 meir enn budsjettert. Her var det budsjettert for lågt jf. også 2017-rekneskapen.
11501 Opplæringsutgift: Kyrkjelydstur og kurs	-15.000	Kostnadene ved kyrkjelydsturen vart kr 9.000 lågare enn budsjettert. Færre kurs for tilsette enn budsjettert gav mindreforbruk på kr 6.000.
12302 Bygg og anlegg - vedlikehald	-13.000	- 2.000: Budsjettert til ny gangbru til reiskapshus Kvamsøy, men mindreforbruk fordi arbeidet var gjort på dugnad og vi fekk materialar frå ei anna gangbru. -11.000: Potten til vedlikehald Tjugum kyrkje vart auka i laupet av året, men fekk ikkje sett i gang nye tiltak for denne restsummen. Fleire tiltak står på vent til 2019..
11001 Kontorutgifter	-7.000	Netto mindreforbruk kontorutgifter. Hadde nok papir, kontorutstyr, toner osv. på lager frå 2017. (Mindreforbruk tot kr 9.000 fråtrekt kostnad ved innkjøp ny skrivar m/toner kr 2.000 som kom i staden for innkjøp av toner til gamal, defekt skrivar.)
11302 Porto } 11303 Telefon }	-5.000	Mindreforbruk porto og telefon. Porto gjeld kontor utanom kyrkjelydsbladet – hadde nok frimerke på lager frå 2017. Telefon gjeld kontortelefonar (mobil), meldingsteneste SMS, telefon kyrkje (inkl varmestyring via GSM).
Kyrkjelydsbladet (4404)	-3.000	Mindreforbruk kyrkjelydsblad jf. eit nummer mindre (lågare trykkekostnader og porto på totalt - 9000 vart utjamna ein del av +6.000 lågare inntekter på bladpengar og annonser)
	-135.000	Netto sum av avvika for dei nemnde postane/tenestene/områda.

6.4 Årleg utbetaling frå Thorbjørnsens legat

Stiftinga **Ragnhild og Egil Steen Thorbjørnsens legat til fordel for Balestrand sokn** (Thorbjørnsens legat) vart oppretta i 2011. Thorbjørnsen var sokneprest i Balestrand på 70-talet og han og kona var barnlause. Stiftinga har ein grunnkapital på kr 1,9 millionar. Utbetaling av årleg overskot til kyrkjelydsarbeid vart på **kr 24.700 i 2018** (kr kr 20.000 i 2017) og soknerådet brukte kr 16.900 av gåva til dekking av lånerenter for kyrkjestova i tråd med tidlegare vedtak. Resterande kr 7.800 vart gjeve i gåve til kyrkjestova og vil verte brukt til innkjøp av servise (avsett til bunde fond i 2018). Utbetalinga i 2018 kom av renteinntekter frå grunnkapitalen frå 2017 på kr 35.600 fråtrekt driftskostnader i 2017 på kr 10.900 (pålagde utgifter til revisjon og årsgebyr til Stiftingstilsynet).

Styret i stiftinga vert oppnemnt av soknepresten i Balestrand og har sidan starten vore sett saman slik: Helge Eilifsen, Erland Fagermoen og Jostein Risa. Stiftinga har i 2018 hatt grunnkapitalen ståande på sparekonto med særskilde vilkår i Orkla sparebank med 1,85 prosent rente i starten, men 1,6 prosent det meste av året. Det er lågt rentenivå for tida og ein har ikkje funne betre tilbod om banksparring for bedrifter/organisasjonar. Med tanke på å maksimere utbetalinga til føremålet er rentevilkåra viktige: Med grunnkapital på nesten to millionar betyr desimalane tusenlappar. Overskotet i 2018 som kjem til utbetaling i 2019 er på kr. 20.500.



Balestrand sokneråd har valt desse utvala

Dei fleste utvala var valde 12.1.2016. Utval/medlemer er elles lagt til etter kvart.

Faste utval

a) Arbeidsutval (AU)

Oppgåver / mandat: Er førebuande organ for saker til soknerådet og av di utvalet er samansett av soknerådsleiar og minst to rådsmedlemer har AU med heimel i kyrkjelova fått fullmakt til å gjere vedtak på vegner av rådet i saker som ikkje er prinsipielle. Leiar og nestleiar vert valt årleg.

Medlemer:

Soknerådsleiar: Helge O. Ulvestad
Nestleiar: Åshild Alte Sagevik
Geistleg medlem: Kjetil Netland (prost)
Varamedlem: Kari Kvikne
Vara for geistleg medlem: Vegard Bondevik Lie (Leikanger)
Sekretær: Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

b) Administrasjonsutval (Adm.utv.)

Oppgåver / mandat: Administrasjonsutvalet (Adm.utv.) er soknerådet sitt partssamansett utval etter Kyrkjelova § 35. Mandat: Skal ta opp spørsmål av personalpolitisk karakter og skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom soknerådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. § 10-1 i Hovudavtalen om «Administrasjonsutval/partssamansett utval». Utvalet har fått delegert tilsetjingsmynde.

Medlemer:

Helge Ulvestad (leiar)
Åshild Alte Sagevik (nestleiar)
Varamedlem for arbeidsgjevar: Kari Kvikne
Ole Agnar Helland (arbeidstakarrepresentant)
Sekretær: Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

c) Forhandlingsutval løn

Oppgåver / mandat: Årleg forhandling av løn med kyrkjeverja jf. HTA 3.4.1 ut frå rammer sett av soknerådet. Ev. arbeide med ein "lønspolitikk" på dette området.

Medlemer:

Soknerådsleiar: Helge Ulvestad (leiar)
Nestleiar: Åshild Sagevik
Kommunal representant: Frode Kleppe Holgersen

d) Trusopplæringsutval (TRU)

Oppgåver / mandat: Vere ei støtte for soknerådet og kyrkjelydspedagogen i oppfølging av trusopplæringsplanen i kyrkjelyden frå 0-18 år. I tillegg til planlegging av tiltak og rekruttering av frivillige medlemer har medlemene i TRU også bidrege direkte i fleire av tiltaka i trusopplæringsplanen.

Medlemer:

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa
Helge Ulvestad (frå soknerådet)
Helga Ese Haugen
Lisa Grinde
Rut Solveig Nydal Netland (kom inn i 2018)

e) Diakoniutval (DU)

Oppgåver / mandat: Diakoniutvalet har ansvar for og tek initiativ til ulike diakonale tiltak i kyrkjelyden. Tilsett diakonimedarbeidar deltek i aktuelle saker.

Medlemer:

Tore Brudvik (frå soknerådet) (leiar og sekretær)
Margot Ryssdal (frå soknerådet)
Ingrid Menes (frå soknerådet)
Per Tusvik
Lin Åm Fuglestad

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson var med noko medan ho var tilsett (første halvår).

f) Redaksjonsutval kyrkjelydsblad

Oppgåver / mandat: Skrive / samle inn stoff og gje ut kyrkjelydsbladet tre gonger i året.

Medlemer:

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa
Helge Eilifsen
Kjell Helland

g) Bygningsutval

Oppgåver / mandat: Kartlegging av status og vedlikehaldsbehov for kyrkjene i Balestrand og tilhøyrande bygg ved synfaringar. Framlegg til prioritering av vedlikehaldsbehov.

Medlemer:

Helge Ulvestad (frå soknerådet)
Jostein Risa (kyrkjeverje)
Fisseha W. Andemichael (kyrkjetenar)
Harald Tjugum
Hans Dale

h) Kyrkjestovenemnd

Oppgåver / mandat: (Både utvalet og mandatet for nemnda vart utvida etter vedtak 3.11.2017.) Lage retningslinjer for utleige og fylgje opp desse. Innkjøp av naudsynt utstyr og utsmykking. Setje opp prioriteringar og budsjett for innkjøp og legge fram for soknerådet jf. løyving/innsamling. Fylgje med på vedlikehaldsbehov.

Medlemer:

Helge Eilifsen (leiar)
Tore Brudvik (frå soknerådet)
Ingrid Menes (frå soknerådet)
Kyrkjelydspedagog: Magni Åm Risa
Kyrkjeverje: Jostein Risa (sekretær)

i) Utval ved utlysing av gravplass-arbeid som tenestekjøp

Oppgåver / mandat: Fullmakt til å stå for utlysing og til å forhandle på vegner av soknerådet ved utlysing av gravplassarbeidet i Balestrand med konkurranseforma "Konkurranse med forhandling".

Medlemer:

Helge Ulvestad (soknerådsleiar)
Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

Kontaktpersonar

j) Kirkens Nødhjelp-kontakt

Oppgåver / mandat: Hovudarbeidsoppgåva er å planlegge og gjennomføre Kirkens Nødhjelp sin årlege dør-til-dør innsamlingsaksjon i fastetida i lag med kyrkjuverja.

Kontaktperson: Kjersti Brudvik

Arbeidsgrupper / Adhockomitear

k) Nemnd for kyrkjelydstur 2018

Oppgåver / mandat: Lage program for helga med ansvarsfordeling. Få til eit godt tilbod for born og unge. Rammer klare til sommaren jf. informasjon / programfaldar til utdeling.

Medlemer: (AU + kyrkjelydspedagog og kyrkjeverje)

Helge Ulvestad (frå soknerådet)
Åshild Sagevik (frå soknerådet)
Kjetil Netland (prost - sjukemeld i det meste av planleggingsperioden)
Magni Åm Risa (kyrkjelydspedagog)
Jostein Risa (kyrkjeverje)

l) Nemnd for konfirmantfest 2018

Oppgåver / mandat: Ansvar for program og mat ved konfirmantfest på Bedehuset Betel 29. april.

Medlemer program:

Åshild Alte Sagevik (leier festen)
Håvard Frafjord (leikar og teknikk)
Peter Endresen (leikar og teknikk)
Jostein Risa (biletserie frå konfirmanttida og tidlegare, ev. kakebestilling)

Medlemer mat/praktisk:

Ingrid Menes (frå soknerådet)
Kari Kvikne (frå soknerådet)
Malene Sværen Mundal (frå soknerådet)
Helge Ulvestad (frå soknerådet)

Medlemer i kyrkjeleg fellesnemnd

ved samanslåing av Balestrand sokneråd og Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd frå 1.1.2020

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	Leiar
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	Nestleiar
Per Hilleren	Middalen, 6856 Sogndal	47 60 75 32	peren@online.no	Medlem
Tore Magnus Brudvik	Balalii 10, 6899 Balestrand	45 04 87 15	tobruvi@online.no	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Kyrkjebakken 54, 6856 Sogndal	48 24 30 56	kjello@sogndal.kyrkja.no	Geistleg representant
Øivind Sjøtun Fagermoen	Sjøtunsv. 12, 6899 Balestrand	95 06 72 61	oifager@me.com	Kommunal representant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Vararepresentantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Einar Skeie	Kaupangsv. 29, 6854 Kaupanger	48 22 09 11	eiske@online.no	Vararepr. for medlemene frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd
Margot Ryssdal	Ulvastad 22, 6899 Balestrand	41 55 19 32	margotry@online.no	Vararepr. for medl frå Balestrand sr
Jermod Hausberg	Rygg 11, 5745 Aurland	40 01 65 75	jermod@sogndal.kyrkja.no	Vara for geistleg medlem
Gunnhild Bøyum	Porsmyrv. 13, 6854 Kaupanger	41 56 91 61	g.boyum@kr-rekneskap.no	Vara for komm. fellesnemnd sin repr.

Representantar med møterett, men utan røysterett

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Jostein Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	92 06 08 32	kyrkjeveerje@balestrand.kyrkja.no	Kyrkjeveerje, Balestrand
Magny Ugulsvik Bukholm	Stølen 5, 6856 Sogndal	40 47 59 68	magny@sogndal.kyrkja.no	Ass. kyrkjeveerje, Sogndal og Leikanger
Arild Slinde	6859 Slinde	91 77 72 47	arild@sogndal.kyrkja.no	Tilsettereprasant

Arbeidsutval (AU)

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	Leiar
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	Nestleiar
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Kyrkjebakken 54, 6856 Sogndal	48 24 30 56	kjello@sogndal.kyrkja.no	Geistleg representant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Representantar med møterett

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Jostein Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	92 06 08 32	kyrkjeveerje@balestrand.kyrkja.no	Kyrkjeveerje, Balestrand
Magny Ugulsvik Bukholm	Stølen 5, 6856 Sogndal	40 47 59 68	magny@sogndal.kyrkja.no	Ass. kyrkjeveerje, Sogndal og Leikanger

Administrasjonsutval/partsamansett utval (Adm. utv.)

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Per Hilleren	Middalen, 6856 Sogndal	47 60 75 32	peren@online.no	Leiar
Tore Magnus Brudvik	Balalii 10, 6899 Balestrand	45 04 87 15	tobruvi@online.no	Nestleiar
Arild Slinde	6859 Slinde	91 77 72 47	arild@sogndal.kyrkja.no	Tilsettereprasant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Vararepresentantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	1. vara
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	2. vara
Magni Åm Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	46 69 74 76	klped@balestrand.kyrkja.no	Vara for tilsettereprasant

Dato	Kyrkje	Takkoffer til	Overført (kontant + vipps)
14.jan	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 636,25
4.feb	Nesse sambrukshus	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 3 011,24
28.jan	Tjugum kyrkje	Bibelselskapet	kr 2 943,25
11.feb	Tjugum kyrkje	Sygna vgs	kr 3 220,37
4.mar	Sæle kyrkje	Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)	kr 1 353,00
18.feb	Tjugum kyrkje	Normisjon	kr 1 547,62
11.mar	Tjugum kyrkje	Søndagsskolen Norge	kr 2 363,56
18.mar	Tjugum kyrkje	Bibelleseringen	kr 975,87
25.mar	Fjordtun oppvekstsenter	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 481,00
1.apr	Tjugum kyrkje	Det Norske Misjonsselskap (NMS) - misjonsavtale Mali	kr 4 346,25
22.apr	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 1 237,00
15.apr	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 4 611,49
29.apr	Tjugum kyrkje	Barnevaken	kr 1 722,00
10.mai	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 6 935,74
17.mai	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 3 111,62
20.mai	St. Olafs kyrkje	Vener av St. Olafs kyrkje	kr 1 895,00
21.mai	Kvamsøy kyrkje	Israelsmisjonen	kr 4 679,12
3.jun	Tjugum kyrkje	Lyngmo ungdomssenter	kr 2 787,00
17.jun	Stølsberg (friluft)	Det Norske Misjonsselskap (NMS) - misjonsavtale Mali	kr 1 471,50
29.jul	Kvamsøy kyrkje	Åpne dører	kr 3 947,50
1.jul	Tjugum kyrkje	Lyngmo ungdomssenter	kr 2 070,00
15.jul	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 728,00
19.aug	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 875,12
2.sep	Sæle kyrkje	Menneskeverd	kr 1 629,00
26.aug	Tjugum kyrkje	Den Norske Israelsmisjon	kr 2 673,25
9.sep	Lyngmo ungdomssenter	Det Norske Misjonsselskap (NMS) - misjonsavtale Mali	kr 6 358,43
13.sep	St. Olafs kyrkje	Ungdom i Oppdrag	kr 1 578,37
30.sep	Sæle kyrkje	Normisjon	kr 830,00
23.sep	Tjugum kyrkje	Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)	kr 2 653,54
28.okt	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 095,00
7.okt	Tjugum kyrkje	Alværa misjonssenter	kr 1 894,12
21.okt	Tjugum kyrkje	Kirkens Bymisjon (TV-aksjon)	kr 2 958,50
4.nov	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 2 163,87
25.nov	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 1 741,62
18.nov	Tjugum kyrkje	Stefanusalliansen	kr 3 136,00
2.des	Tjugum kyrkje	Søndagsskolen Norge	kr 3 322,37
16.des	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 6 099,37
23.des	Fjordtun oppvekstsenter	Lokalt kyrkjelydsarbeid	kr 3 246,74
24.des	Sæle kyrkje	Kirkens Nødhjelp	kr 4 582,50
24.des	Tjugum kyrkje	Kirkens Nødhjelp	kr 6 766,61
25.des	Tjugum kyrkje	Det Norske Misjonsselskap (NMS) - misjonsavtale Mali	kr 4 097,62
31.des	St. Olafs kyrkje	Vener av St. Olafs kyrkje	kr 1 257,00
TOTALT INNKOME VED 42 OFFER:			kr 124 033,41